

Austrheim Kommune

v/ Asbjørn Nagell Toft

23.03.17

Førland og Solen Vel

v/ Tom Erik Stokholm

Njøtevegen 57

5943 Austrheim

Merknad til kommunedelplan for vassforsyning og avløp i Austrheim 2017-2027

Viser til plan som ligg ute til offentleg ettersyn.

Etter samtaler mellom teknisk kontor og innbuarar på Førland har det blitt gitt forlenga frist for merknader.

Førland og Solend Vel viser til forslag i planen og prioritert handlingsplan 2017-2027 og ser ikkje at det er planlagt særleg utbygging av vassleidning til bygdene til denne perioden.

Førland og Solen Vel og bebuarane gjorde ein svært stort dugnadsarbeid ifbm å leggja grunnlag og sondering i bygdene Førland og Solend i 1999-2000 kven som kunne tenkja seg å kopla seg på kommunal vassforsyning og avløp tilknytning om dette kom. På bakgrunn av dette sendte Velforeninga på vegne av bygdene inn søknad om å få vassforsyning spesielt og gjerne avløp om mogeleg. I 2001 kom det ny plan for vass og avløp og Førland var ikkje prioritert. Dette sende Førland og Solend Vel inn merknad på men fekk aldri noko svar på dette.

Dåverande leiar var jevnleg på teknisk kontor i åra framover og purra opp. Frå dåverande teknisk sjef vart det opplyst at det låg plan om å føra vassleidning i sjøen frå Synnevåg til Solesjøen og vidare mot Austrheim for å få ein ring i tilfelle leidningsbrudd. I denne samanheng ville det vera enklare å få knyta seg på for Solend og Førland.

Som ein kjenner til vart det i 2009 starta opp arbeid med vassleidning langs vegen frå Årás til Solend over Leikvoll. Samtidig vart vegen utbetra med fortau. Avløp ligg no fram til Solendkrysset og vassleidning til Solesjøen og Kalven mot Njøta. Avløp er ikkje tilkobla.

Når ein ser handlingsplanen er ikkje det nevnt noko om å skapa ein mogeleg ring for å kunne styra vassforsyning til brukarane fleire vegar. Dette bør framleis vera ein god tanke for framtida. Ein ser positivt på at ein i handlingsplanen går inn for å utbetra gamalt leidningsnett men det er svært lite utbygging av nytt i planen.

Førland og Solend Vel er kjend med at bebuarar på Førland har sendt inn ny søknad om å få knytta seg til det kommunale vassverket og ber med dette om at ein tek dette med i handlingsplanen. Velforeninga meiner at ein må ta omsyn til at flest mogeleg av bygdefolket får kopla seg til.

Kathrine Sætre

Tom Erik Stokholm (sign)

Kathrine Sætre

Leiar

Skrivar

<